

**Sakshandsamar:**

Arne Monrad Johnsen

E-post: arne.monrad.johnsen@sfj.no

Tlf: 57 65 62 48

Vår ref.

Sak nr.: 11/3033-4


Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

28103/11

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 04.10.2011



Det kongelige kunnskapsdepartement
Postboks 8119 Dep

0032 Oslo

Høyringsfråsegn frå Sogn og Fjordane fylkeskommune til Fagerbergutvalet si utgreiing NOU 2011:6 - Et åpnere forskningssystem.

Me viser til brev frå Det konglege kunnskapsdepartementet av 30.05.11, Fagerbergutvalgets utredning NOU 2011:6 Et åpnere forskningssystem – høring.

Hovudutvalet for plan og næring hadde fråsegna frå Sogn og Fjordane fylkeskommune oppe til politisk handsaming den 27. september 2011, i sak 51/11. Hovudutvalet gjorde fylgjande vedtak:

1. Saksutgreiinga, saman med merknader, vert sendt Kunnskapsdepartementet slik det ligg føre. Dette er innspel til NOU utgreiing 2011:6, *Et åpnere forskningssystem* frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, som er høyringsinstans.
2. Me vil be om at merknadane vert teke omsyn til ved utarbeiding av ny forskingsmelding i 2013.

Med helsing

Endre Høgalmen
Ass fylkesdirketør

Arne Monrad Johnsen
seniorrådgjevar

Vedlegg:

1. Saksutgreiing sak 51/11 Hovudutval for plan og næring





Sak folkevalde organ

HOVUDUTVAL FOR PLAN OG NÆRING

Saksnr.: Møtedato: Arkivsaksnr.: L.nr.:
51/11 27.09.2011 11/3033 25846/11

Sakshandsamar: Arne Monrad Johnsen

Handsaming i organ	Møtedato	Saksnr.
Hovudutval for plan og næring	27.09.2011	51/11

**Fagerbergutvalet si utgreiing NOU 2011:6 - Et åpnere forskningssystem -
høringsuttale frå Sogn og Fjordane fylkeskommune**

Fylkesdirektøren rår hovudutval for plan og næring til å gjere slikt vedtak:

1. Saksutgreiinga, saman med merknader, vert sendt Kunnskapsdepartementet slik det ligg føre. Dette er innspel til NOU utgreiing 2011:6, *Et åpnere forskningssystem* frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, som er høringsinstans.
2. Me vil be om at merknadane vert teke omsyn til ved utarbeiding av ny forskingsmelding i 2013.

Uprenta vedlegg:

NOU 2011:16 Et åpnere forskningssystem – Kunnskapsdepartementet 2. mai 2011

Saksframstilling

BAKGRUNN

Sogn og Fjordane fylkeskommune er høringsinstans for Noregs offentlege utredning 2011:6: *Et åpnere forskningsystem*. Det er Kunnskapsdepartementet som har sendt Fagerbergutvalet si innstilling ut på høyring. Innstillinga og høringsinstansane sine innspel vil inngå i departementet sitt kunnskapsgrunnlag for arbeidet med ei ny forskingsmelding i 2013.

Departementet ynskjer spesielt at høringsinstansane gir kommentarar til utvalet sitt forslag om etablering av et sett med indikatorar som kan bli eit verktøy for aktørar på ulike nivå i systemet for å vurdere samanhengen mellom mål, ressursar og resultat i norsk forskning.

Utvalet sitt mandat:

Utvalet sitt arbeid skal gi eit betre grunnlag for å vurdere status i forhold til dei ni forskingspolitiske måla i «*St.meld. nr. 30 (2008-2009) Klima for forskning*», om det er godt samsvar (korrelasjon) mellom ressursinnsats og resultat, og om systemet og virkemidlane er godt utforma og effektive.

Regjeringa vil at norsk forskingspolitikk skal bidra til å oppnå fylgjande 9 mål:

1. Å løyse globale utfordringar med særleg vekt på miljø-, klima-, hav-, mattryggleik- og energiforsking.
2. God helse, utjamna sosiale helseskilnader og utvikla helsetenester av høg kvalitet.
3. Forskingsbasert velferdspolitik og profesjonsutøving av yrke i velferdssektoren.
4. Eit kunnskapsbasert næringsliv i heile landet
5. Næringsrelevant forskning innan områda mat, marin, maritim, reiseliv, energi, miljø, bioteknologi, IKT og nye material /nanoteknologi
6. Høg kvalitet i forskinga.
7. Eit velfungerande forskingssystem.
8. Høg grad av internasjonalisering i forskinga.
9. Effektiv utnytting av forskingsressursane og -resultata.

Utvalet skal retta særleg merksemd mot mål 6, 7, 8 og 9, som er tverrgående for heile forskingssystemet.

Utvalet skal tilrå endringar som fører til høgast mogleg samfunnsøkonomisk nytte, i brei forstand, av den offentleg finansierte forskinga. Utvalet skal ta utgangspunkt i at det offentlege også har eit ansvar for langsiktig kompetansebygging i samfunnet og for grunnforskning.

Innanfor ramma av regjeringa og Stortinget sine ni overordna mål for norsk forskning, skal utvalet drøfta samanhengen mellom mål, ressursar og resultat for offentlig finansierte forskning og gi råd om fylgjande:

1. Om det er behov for endringar i den offentlige finansieringa, med særleg fokus på dei fire hovudstraumane omtalte lengre nede i dokumentet, som kan gje høgare kvalitet i forskinga og betre utnytting av ressursane knytt til dei ni forskingspolitiske måla.
2. Om korleis styresmaktene, i lys av behov i samfunnet, kan utvikla eit betre grunnlag for kritisk å vurdere ressurstilgang og rekruttering i forskinga.

3. Om det er gode overordna resultatmål og indikatorar for offentlig finansiering av forskning, inkludert hensiktsmessige mellomliggende indikatorar for årlig rapportering
4. Om kva prinsipp som bør liggja til grunn og kva endringar som eventuelt bør gjennomførast for at mål- og resultatstyring på ein betre måte kan brukast som styringsverktøy i forskingspolitikken.

Utvalet skal utgreia økonomiske og administrative konsekvensar av forslaga. Som bakgrunn for vurderingar må utvalet skaffa seg oversikt over finansieringssystem, statistikk, evalueringar og anna eksisterande faktagrunnlag om norsk forskning.

Utvalet skal også skaffa seg oversikt over status for internasjonale studiar og «best practice» i andre land for måling av effektar og samfunnsøkonomisk avkastning av offentlig finansiert forskning.

I alt vert det tildelt midlar til forskning til om lag 125 kapittel i statsbudsjettet. Det er allereie gjennomført eit stort arbeid når det gjeld indikatorbasert finansiering og mål- og resultatstyring av dei sentrale forskingsinstitusjonane.

Utvalet må skaffa seg ein oversikt over dei ulike finansieringsstraumane og kva mål og resultatkrav som i dag blir sette frå dei løyvande myndigheiter for offentlige løyvingar til forskning.

Forsking er prega av det går lengre tid frå løyving til endelege resultat enn for aktivitetar i mange andre budsjettposter, noko utvalet må ta omsyn til. Mellom anna er det viktig å kjenna til det offentlege sitt ansvar for den langsiktige grunnforskninga og at ein stor del av dei offentlege løyvingane er «samansette FoU-løyvingar» eller midlar som inngår i andre hovudføremål enn FoU. Dette gjeld til dømes for dei direkte løyvingane til universitet og høgskular og til helseføretaka.

Dei fire forskingsutøvande sektorane i det norske forskingssystemet er:

1. Universitet og høgskular
2. Forskingsinstitutt
3. Helseføretak
4. Næringslivet.

Alle disse sektorene vert løyvd offentlige midlar til forskning. Den offentlege finansieringa av forskning har fleire føremål, blir kanalisert på ulike måtar, og gir både direkte og indirekte effektar. Dei offentlege FoU-løyvingane kan grupperast i fylgjande hovudstraumar:

- I. Direkte løyvingar/basisløyvingar til universitet og høgskular, helseføretak og forskingsinstitutt
- II. Midlar gjennom Norges forskingsråd
- III. Skatteinsentiv
- IV. Løyvingar til EU for norsk deltaking i det europeiske forskingssamarbeidet.

Utvalet sitt forslag må ta utgangspunkt i dei fire forskingsutøvande sektorane og hovudfinansieringsstraumane.

NÆRARE OMTALE

Mandatet er etter utvalet si meining omfattande og set få avgrensingar for kva slags spørsmål som kan takast opp til vurdering. Presisering og avgrensing av mandatet har derfor vore naudsynt. Slik utvalet tolkar mandatet, er spørsmåla som vert reist innleiingsvis dei mest sentrale:

- Er det godt samsvar mellom ressursar og resultat i offentlig finansiert forskning i Norge?
- Er verkemidlane og finansieringsstraumane utforma slik at resultatet blir best mogleg?
- Er det mogleg å gjera endringar, slik at den samfunnsmessige nytteverdien aukar?

Desse spørsmåla har stått sentralt i utvalet sitt arbeid og i den utgreiinga som er lagt fram. Resultatet av arbeidet kan samanfattast i fylgjande oppsummering av forslag på tiltak:

1. Styrking av kunnskapsgrunnlaget: Utvikling av eit norsk forskingsbarometer

Etableringa av eit forskingsbarometer kan bli eit grunnleggande utgangspunkt for å vurdere tilstanden i norsk forskning. Forskingsbarometeret skal fokusera på samanhengen mellom forskingsinnsats og -resultat.

Aktuelle dimensjoner (resultat) vil være publisering, siteringar, utnytting av forskningstid, avlagte doktorgrader, næringslivet og andre deler av samfunnet sin bruk av det offentlige forskingssystemet og internasjonalisering. På sikt bør det være et mål å utvide forskingsbarometeret med andre dimensjoner og indikatorar som i høgare grad fangar opp bruk av forskning i næringslivet og samfunnet elles.

2. Styrking av kunnskapsgrunnlaget: Forskingsprogram

Utvalet foreslår at det skal opprettast eit breitt forskingsprogram, som ved hjelp av ulike faglige perspektiv og metodar analyserer den offentlig finansierte forskinga og korleis bruken av denne er i ulike deler av samfunnet. Ein slik aktivitet bør ha ein langsiktig karakter, og blant anna gjennom satsing på rekruttering til dette forskingsfeltet, bidra til å bygge opp kompetanse som er viktig for politikkkutforming på dette området i Norge.

3. Opptrapping av forskarutdanninga

Analysar viser at kapasiteten i norsk forskarutdanning truleg ikkje er tilstrekkelig til å møta behovet for kvalifiserte kandidatar framover. Utvalet tilrår derfor at Norge tek mål av seg til å utdanna 2000 doktorgradkandidatar årleg frå 2020. Då vil ein ligge på Finland og Sverige sitt nivå i dag, rekna som prosent av arbeidsstyrken.

4. Etablering av ein stor, fri arena i Forskingsrådet – open konkurransearena

Utvalet meiner at forslaget om en stor arena for fri forskning i Forskingsrådet vil bidra til auka kvalitet, fornying, langsiktig kunnskapsberedskap og meir effektiv ressursutnytting i norsk forskning. Behovet for ein slik arena er understreka av de fleste fagevalueringane som har vore gjort dei siste åra.

Veksten i dei offentlige løyvingane til forskning dei siste åra har primært gått til å styrka andre føremål som direkte løyvingar til institusjonane, programforskning i Forskingsrådet og kontingenten til EUs FP7. Støtta til fri forskning har vorte relativt svekka. Derfor er det etter utvalet sitt syn naudsynt å ta eit krafttak for å rette opp denne skeivleiken.

5. Etablering av ei midlertidig prøveordning for automatisk tildeling av små driftsmidlar til aktive forskarar i universitet- og høgskulesektoren: Forskarfunn

Utvalet har forslag om at ei prøveordning for automatisk tildeling av driftsmidlar til aktive forskarar basert på prestasjonar vert etablert. Dette er ei enkel og ubyråkratisk ordning som kan baserast på data som blir samla inn, og som kan bli ein del av forskingsbarometeret.

Føremålet er ikkje å ta i frå institusjonane ansvar, men bidra til etablering av betre system og leiingsverktøy. Derfor er ordninga gjort tidsavgrensa, og utvalet føreset at ansvaret og midlane vert overført til institusjonane etter ei viss tid.

MERKNADER TIL UTGREIINGA

Merknader til mandatet og utvalet si avgrensing av dette.

Etter utvalet si meining var mandatet omfattande og sette få avgrensingar for kva slags spørsmål utvalet kunne ta opp til vurdering. Utvalet meinte derfor at presisering og avgrensing av mandatet har vore naudsynt.

Me meiner som utvalet at mandatet var omfattande, og at avgrensingar såleis var naudsynt. Me samtykkjer i dei avgrensingane utvalet har gjort.

Me vil samstundes stille spørsmål om denne «metoden» som mandatet representerer, er rett metodikk for å løysa dei problem og utfordringar som sentrale styresmakter har knytt til bruk av offentlege midlar til forskning. Er det til dømes eit poeng å laga eit så omfattande mandat, at utvalet må gjera avgrensingar for kome i mål?

Med utgangspunkt i dei ni målsetjingane til regjeringa, så kunne me tenkt oss at det som eit alternativ til denne form for metode, hadde vorte vurdert å oppretta langsiktige program for kvart av regjeringa sine 9 mål, med løysing av dei konkrete utfordringane i kvart program ved hjelp av metoden programstyring (program management).

Merknader til utvalet sine forslag på løysingar

Utvalet har avgrensa mandatet sitt til i hovudsak svara på 3 spørsmål. Me meiner at det er god samanheng mellom desse spørsmåla og det me oppfattar som det viktigaste i mandatet, at utvalet skal legge fram eit «grunnlag», som ein seinare skal nytta til å gjere vurderingar, og finne ut om det er godt samsvar mellom ressursinnsats og resultat, og om systemet er godt utforma og effektivt.

Utvalet legg fram 6 forslag på tiltak eller løysingar:

1. Styrking av kunnskapsgrunnlaget: Utvikling av eit norsk forskingsbarometer
2. Styrking av kunnskapsgrunnlaget: Forskingsprogram
3. Opptrapping av forskarutdanninga
4. Etablering av ein stor, fri arena i Forskingsrådet – open konkurransearena
5. Etablering av ei midlertidig prøveordning for automatisk tildeling av små driftsmidlar til aktive forskarar i universitet- og høgskulesektoren: Forskarfunn

Vårt syn er at det berre er tiltak 1: forskingsbarometer som kan ha nytte som metode eller verkty, og fungere som grunnlag i denne samanheng.

Rett nok er forslaget meir å sjå på som ein «ide», enn eit konkret grunnlag, som var mandatet. Men, noko meir kan ein kanskje heller ikkje forventa at utvalet skal legge fram som resultat i ei slik utgreiing.


Som utvalet er inne på, kan det gå lang tid før eit oppegående forskingsbarometer er på plass, og kan fungera som eit effektivt verkty i praksis. Me samtykkjer i at barometeret kan starta opp med tilgjengelege data, og utviklast over tid.

Merknader til tiltak 1: Norsk forskingsbarometer

Utvalet har forslag om å etablere eit norsk forskingsbarometer, som skal fokusera på samanhengen mellom forskingsinnsats og –resultat. Utvalet seier at aktuelle dimensjonar (resultat) vil vera publisering, siteringar, utnytting av forskningstid, avlagte doktorgrader, næringslivet og andre deler av samfunnet sin bruk av det offentlege forskingssystemet og internasjonalisering. På sikt bør barometeret fanga opp bruk av forskning i samfunns- og næringsliv.

Me støttar utvalet i synet på at barometeret må vidareutviklast, og at det bør utviklast datagrunnlag og indikatorar for samfunnseffektane, og viser til figuren «Innovasjonsprosessen på islandsk», for å illustrera vårt syn.

INNOVASJONSPROSESSEN PÅ ISLANDSK



Kilde: Islands nationale forskningsråd

Figuren over er henta frå ein publikasjon frå NORA. Ein ser at innovasjonsprosessen femner om 6 trinn, eller fasar, frå grunnforskning til produksjon og sal. Figuren illustrerer ei kløft mellom trinn 2 og trinn 5. Til venstre for "kløfta" har ein forskning og utvikling, medan ein på høgre sida har brukarane, som skal gi oppdrag til forskarane, og bruke resultatane av forskinga, for å oppnå sine mål. Kløfta er eit symbol på tradisjonell dårleg kommunikasjon mellom «forskarane» og «brukarane».

Etter vårt syn har utvalet vist høg kompetanse på tema som tilhøyrrer FoU-sida, den venstre sida av kløfta i figuren, og har fått inn mange forslag på indikatorar frå det interne FoU-miljøet og dei aktivitetar som der skjer.

Når det gjeld brukarane av FoU-resultata (som ein finn på høgre sida av kløfta i figuren), og aktivitetar knytt til overføringa av kunnskap og teknologi frå FoU-miljøet til brukarane, og kommunikasjon mellom dei ulike aktørane, har ikkje utvalet vist tilsvarande kompetanse. Dette er utvalet inne på sjølv også, og meiner manglar må kome inn i barometeret etter kvart.

I Sogn og Fjordane vil me sjå positivt på utvikling og etablering av eit forskingsbarometer. Men, det føreset at forskingsbarometeret har med relevante data frå alle dei 6 trinna i innovasjonsprosessen (figuren), og at data og analysar vert brote ned på minst fylkesnivå, og at dei aktuelle FoU-indikatorane for vårt fylke vert teke med.

Me trur eit forskingsbarometer då vil vere til nytte for både forskingsmiljø, kompetansemeklarar og andre rådgivarar, verkemiddelapparat på alle nivå og brukarar av forskingsresultat i heile landet.

Me trur at eit forskingsbarometer vil vera eit godt verkty som kan bidra til at offentlege midlar til forskning vert rettferdig fordelte og effektivt brukte, både i høve regjeringa sine 9 mål, men også andre regionale mål kringom i landet.

Merknader til tiltak 2-5

Kunnskapsdepartementet ynskjer at høyringsinstansane spesielt gir kommentarar til utvalet sitt forslag om etablering av et sett med indikatorar og eit norsk forskingsbarometer.

Når det gjeld dei andre forslaga på tiltak (2-5), så er dei då av mindre interesse å få tilbakemeldingar på, men også vanskelegare å gi tilbakemeldingar på. På den eine sida er det krav til høg FoU-kunnskap og kunnskap om dagens forskningssystem for å kommentera forslaga. På den andre sida hadde det etter vårt syn vore naturleg å venta med forslag på denne type tiltak, til ein hadde fått på plass forskingsbarometeret og «programstyringa» for kvart av dei 9 måla til regjeringa.

På generelt grunnlag meiner me fylgjande:

- **Me ser positivt på etablering av eit forskingsprogram.**
- **Me ser positivt på styrking av doktorgradutdanninga.**
- **Me ser positivt på etablering av ein stor og open konkurransearena for forskingsprosjekt, under føresetnad av at retningslinjene tek omsyn til behova for forskning i regionane, og at prosjektet sitt «potensiale for verdiskaping» er eit viktig kriterium.**
- **Me har ikkje kunnskap til å meina noko om ei ordning som vil gi såkalla aktive forskarar i universitet- og høgskulesektoren automatisk tildeling av små driftsmidlar.**